

NOTAHOLMEN

Garnbengja på NOTAHOLMEN står som eit minne om dei dagar folk rodde fisket. På Notaholmen vart nøtene tørka, bømte og barka. Og det var ein stor fordel å lagra dei ein stad myser og rotter ikkje slapp til.



Eine halvparten av huset høyrer til garden Reistad, medan eit notlag åtte den andre. Notlaget vart oppløyst for krigen, men like fram mot 1950 vart nøter bømte og barka her. Naust til dei store notbåtane hadde notlaget ved Kverneshella, slik at dei kunne koma seg ut når inste del av fjorden fraus til om vinteren. Dei rodde like til havs på både storsild- og vårsildfisket, og elles kasta dei etter brislingen inne i fjordane. □



Det samanbygde huset på Nordvik. Stova er bygd i hop med bu og loft.

NORDVIK

Garden NORDVIK ligg ved Nordvikvatnet om lag 2 km frå riksvegen ved Reistad. Like fram til midt på 1600-talet var det berre ein busitjar her. Under folkeauken på 1800-talet vart garden delt i fleire bruk og husmannsplassar. I dag er det fire bruk.

Boane strekkjer seg ned mot Nordvikvatnet, med lauvingstre, eikelundar og beite, og med eit bygningsmiljø som er lite endra frå omkring hundesarsskiftet; eit vakkert og heilskapleg kulturlandskap. På garden står eitt av dei eldste husa i Samnanger, med stove, bu og loft bygde saman i ei karakteristisk langhusform. Bua med loftet i andre høgda er truleg frå 1700-talet. Stova er eldre, kanskje frå 1600-talet. Samanbygginga av stove, bu og loft er truleg ein byggjeskikk som går attende til mellomalderen.

TO GRANNAR –
ROSEMÅLAREN
OG FELEBYGGJAREN

I det tronge dalføret langs Storelva ligg garden LANGELAND med TVEIT og TVEITERÅS ovanfor. Denne vesle grenda var litt av eit kultursenter på 1800-talet.

På garden Tveit budde felemakaren JOHANNES BÅRDSSON TVEIT, som laga dei kjende tveitafelene. Komponisten HARALD SÆVERUD (1897–1992) var ofte hos besteforeldra sine på Nyteit i barndomen, og han har late seg inspirera av både naturopplevingar her og forteljingar om oldefaren, som var slik ein meister til å laga feler.

På grannegarden Tveiterås møter vi endå ein dugande handverkar på 1700-talet: rosemålaren JOHANNES JOHANNESON TVEITERÅS (1763–1842). Etter tradisjonen skal han ha lært å måla av omreisande hallingar, og dette stemmer godt med det vi veit frå andre kjelder (①127). Johannes vart ein målar som danna skule. Også sønene JOHANNES (f. 1791) og NILS (f. 1795) vart rosemålalarar. Nils flytte til Os og vart opphavs mannen til ein rik rosemålingstradisjon i midthordlandsbygdene.



Utsnitt av loket på kiste måla kring 1830 av Nils Johannesson Tveiterås, som flytte til Midthus i Os. Det er ein klang av blombarokkens former og fargar som pregar stilen hans i yngre år.

FITJAVATNET OG NORDVIKASETRET

Seterbruk er ein gammal tradisjon i Samnanger med sine mange gode fjellbeite. Seterbruken nådde høgdepunktet omkring 1850, men i 1950-åra vart det nedlagt.

Omkring Fitjavatnet (336 moh.) har det vore mange utslåtter og setrar. Utløene ligg no i ruinar. Nordvikasetret ved nordenden av Fitjavatnet er den eldste av setrane. Ho står enno slik ho vart bygd i 1886 med ei lafta bu og skott i naturstein.

Setrabakken har lange tradisjonar som samlingsplass både for danseglad ungdom og religiøse møte. Tradisjonen med det årlege setramøtet ein sommarsundag vert enno halden ved lag, og omkring 1950 vart det bygt eit lite bedehus som folk kan søkja ly i.

Halvannen kilometer vest for Nordvikasetret ligg Buhilderen, som tidvis har vore nytta til buplass like sidan folkevandringstida (400–600 e.Kr.) og truleg fram til tidleg på 1800-talet. Bilete: Nordvikasetret, bedehuset til venstre.

